



Saksbehandlar: Torbjørn Hasund, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 16/5360-5

Vågsøy - Kommunal planstrategi

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Fylkesutvalet støttar i hovudsak dei vurderingane som er gjort i den kommunale planstrategien for Vågsøy kommune. Strategien er kortfatta og oversiktleg, og er tydeleg som verkty i planarbeidet for åra 2016 – 2019
2. Regional planstrategi bør i sterkare grad leggast til grunn for det kommunale planarbeidet, og drøftingane bør vise kva dette inneber for Vågsøy kommune.
3. Planstrategien bør drøfte Vågsøy som del av ein større bu- og arbeidsmarknadsregion.

Vedlegg: Utkast til kommunal planstrategi 2016 - 2019

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Vågsøy kommune har lagt utkast til kommunal planstrategi ut på høyring. Plan- og bygningslova set krav til kommunane om å utarbeide kommunal planstrategi (KPS). Strategien skal vere kommunen si rettesnor for kommuneplanarbeidet i komande 4-årsperiode. Vågsøy kommune vedtok førre planstrategi 23.11.2011. Samfunnssdelen til kommuneplanen for 2013 – 2025 vart vedteken i møte 20.06.13. Planprogram til arealdelen vart vedteken i kommunestyret 7.04.16. Utkast til arealplan er no under utarbeidning.

Sogn og Fjordane fylkeskommune vedtok regional planstrategi (RPS) 14.06.16. Det er i arbeidet gjennomført prosessar med kommunane for å forankre arbeidet og sikre kopling mellom RPS og dei enkelte kommunale planstrategiane.

Plan- og bygningslova § 10-1 set krav om offentleg høyring av kommunale planstrategiar, og delegeringsreglementet kapittel 3.37 gir fylkesutvalet mynde til å gje uttale på vegne av fylkeskommunen.

2. Vurderingar og konsekvensar

Dokumentet er kortfatta og med gode skildringar av utfordringane knytt til utviklinga i Vågsøy-samfunnet og ulike kommunale tenesteområde. Dokumentet har ein tydeleg og logisk struktur, og der skildring og drøfting av ulike samfunnsoppgåver er gjort på ein god måte.

Det er i regional planstrategi sett opp 5 overordna utfordringar:

- Globalisering og sentralisering
- Migrasjon og inkludering
- Kvinner, utdanning og arbeidsmarknad
- Verdiskaping og utvikling av kunnskapssamfunnet
- Klimaendringane

Fylkestinget har vedteke å fullføre arbeidet med ein strategisk plan for kysten i åra 2016 – 17. I saksutgreiinga til vedtak av RPS står det om regional plan for kysten:

«Høyringsinnspeia har støtta opp om dette arbeidet, og fleire kommunar har vore konkrete i å forplikte seg på deltaking i gjennomføringa av arbeidet. Planarbeidet er starta opp og det vert no utarbeida eit planprogram i samarbeid med kommunane, som vert lagt ut til høyring før sumaren.....»

Dei sentrale kapitla i utkastet til kommunen er kap. 4 – 9 der ulike tenesteområde vert skildra og drøfta, og kap. 10 og 11 som drøftar planbehov og set opp prioriteringsliste. Kap. 4 -9 er inndelt etter sentrale samfunnsoppgåver:

- folkehelse og levekår
- helse og omsorg
- utdanning og oppvekst
- kultur
- næring og arbeidsplassar
- miljøutfordringar

Planstrategien tek tydeleg tak i utfordringar og konkrete mål for utviklinga i kommunen. Dei 5 overordna utfordringane i regional planstrategi vert i stor grad skildra i dei ulike kapitla. Det er godt samsvar mellom det målbiletet som vert sett opp i RPS og dei måla og ambisjonane vi oppfattar kommunen set for eige arbeid.

Framlegg til RPS er nemnt i kapittel 2.2. i utkastet. I tillegg er strategisk plan for kysten nemnd, og den er med i prioriteringslista for 2018. Men det er ikkje sagt noko om korleis det framtidige planarbeidet skal halde seg til det regionale nivået sine ønskje for retninga på planarbeidet framover. Etter plan- og bygningslova skal regional planstrategi leggast til grunn for det vidare planarbeidet i regionen.

Det er i strategiutkastet ikkje sagt noko om i kva grad dette arbeidet har hatt brei deltaking, eller om det har vore ein meir intern kommunal prosess. Det er i prinsippet opp til kommunen å avgjere dette. Men planbehovet i kommunen kan ha samanheng med planbehovet i nabokommunane, og også Vågsøy kommune er del av ein større bu- og arbeidsmarknadsregion. Vi har difor ei forventning om at kommunane i arbeidet med planstrategien har ein aktiv dialog med andre kommunar i regionen.

3. Konklusjon

Fylkesrådmannen meiner strategien viser at Vågsøy kommune legg vekt på gode planar som avgjerande for ei god utvikling i kommunen.

Vi har likevel ei forventning om at ein før vedtak vert gjort tek ein gjennomgang av utkastet til strategi, og at det vert gjort ei tydelegare kopling til regional planstrategi for 2016 – 2020, inkl. arbeidet med regional plan for kysten. Vidare bør det gjerast ei drøfting av Vågsøy som del av ein større bu- og arbeidsmarknadsregion.

Fylkesrådmannen legg til grunn at saksutgreiinga følgjer som del av uttalen frå fylkeskommunen.